



Arkivnr: 2016/3905-6

Saksbehandlar: Sunniva Schultze-Florey

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		05.09.2017
Fylkesutvalet		20.09.2017
Fylkestinget		03.10.2017

**Ajourføring av forskrift om felles ordens- og åferdsreglement****Samandrag**

Med verknad frå 1. august 2017 er det gjort endringar i opplæringslova med forskrifter som gjer at lokal forskrift om ordens- og åferdsreglement i Hordaland fylkeskommune må ajourførast. Det er mellom anna vedteke nytt kapittel 9A om psykososialt skulemiljø. Endringane er i hovudsak oppdatering av referanse - frå å vise til gamalt regelverk viser det til nytt regelverk, ordlyden er oppdatert frå gammal lovtekst til ny lovtekst, og dessutan er paragrafane om bortvising med tap av opplæringsrett fjerna. I tillegg vert det gjort framlegg om at fylkesrådmannen får rett til å gjere mindre endringar i forskrifta for å halde den oppdatert i tråd med gjeldande loverk.

**Forslag til innstilling**

1. Setninga om heimel og § 1 (6) vert endra frå å vise til opplæringslova § 3-7 til å vise til § 9A-10.  
Paragraf 7 (3) vert endra frå å vise til § 3-7 (3), til å vise til § 9A-10 (3).
2. Paragrafane § 1 (6), § 3 (1) og § 7 (4) endrast frå å vise til kapittel 9a til å vise til kapittel 9A.
3. Paragraf 1 (5) skal lyde:  
«Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.»
4. Paragraf 3 (1) skal lyde:  
«Alle elevar i dei vidaregåande skulane i Hordaland har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9A-2.»
5. Paragraf § 7 (6) bokstav e vert endra frå å vise til § 3-8 til å vise til § 9A-11.
6. Paragrafane § 7 (6) bokstav f og § 8 (8) bokstav e vert sletta:
7. Paragraf § 8 (4) bokstav c skal lyde:  
«Klage over bortvising for resten av skuleåret skal sendast direkte til fylkesdirektør opplæring.»
8. Paragraf 10 skal lyde:  
«Fylkesrådmannen har rett til å gjere mindre endringar i forskrifta for å halde den oppdatert med gjeldande regelverk. Slike endringar skal leggast fram som meldingar til politisk handsaming i etterkant.»

9. Gjeldande § 10 vert ny § 11.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim  
fylkessjef opplæring

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 19.08.2017

Med verknad frå 1. august 2017 er det gjort endringar i opplæringslova med forskrifter som gjer at lokal forskrift om ordens- og åtferdsreglement i Hordaland fylkeskommune må ajourførast. Det er mellom anna vedteke nytt kapittel 9A om psykososialt skolemiljø. Endringane er i hovudsak oppdatering av referanse - frå å vise til gamalt regelverk viser det til nytt regelverk, ordlyden er oppdatert frå gammal lovtekst til ny lovtekst, og dessutan er paragrafane om bortvising med tap av opplæringsrett fjerna. I tillegg vert det gjort framlegg om at fylkesrådmannen får rett til å gjere mindre endringar i forskrifter for å halde den oppdatert i tråd med gjeldande lovverk.

### **Endra heimel for å fastsetje ordensreglement**

Med verknad frå 1. august 2017 er heimelen for fylkeskommunensrett og plikt til å fastsette ordensreglement endra frå gamle opplæringslova § 3-7 til nye § 9A-10. Ordlyden er som følgjer:

#### «§ 9 A-10.Ordensreglement

Kommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte grunnskole, og fylkeskommunen skal gi forskrift om ordensreglement for den enkelte vidaregående skole.

Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktene til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om orden og oppførsel, om kva tiltak som kan nyttast mot elevar som bryt reglementet, og om korleis slike saker skal behandlast.

Skolen kan berre nytte tiltak som er fastsette i ordensreglementet. Tiltaka skal ikkje innebere fysisk refsing eller anna krenkjande behandling. Før det blir teke avgjerd om tiltak, har eleven rett til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerdta.

Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i forvaltningsloven § 38 første ledd bokstav c om kunngjering i Norsk Lovtidend gjeld ikkje.»

Setninga om heimel må difor endrast frå å vise til § 3-7 til å vise til § 9A-10. Tilsvarande gjeld for § 1 (6) som og viser til § 3-7. Gjeldande § 7 (3) om forbodet mot fysisk refsing og anna krenkjande behandling viser til opplæringslova § 3-7 (3). Denne regelen er no flytta til § 9A-10 (3).

### **Nytt kapittel om psykososialt skolemiljø**

Med verknad frå 1. august 2017 er tidlegare kapittel 9a erstatta av nytt kapittel 9A, begge om elevane sitt skolemiljø. Alle stader der ordensreglementet viser til kapittel 9a, må difor paragrafane endrast frå å vise til gamle 9a til nye 9A. Dette gjeld:

- § 1 (6)
- § 3 (1)
- § 7 (4)

Endringa inneber også ei viss materiell endring i elevane sine rettar til det psykososiale skolemiljøet og skulane si plikt til å sikre desse. Paragraf 1 (5) inneheld ordlyden frå gamle § 9a-3, og bør endrast til nye § 9A-3: Nye § 1 (5) vil då lyde:

«Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.»

Paragraf 3 (1) viser til ordlyden i gamle § 9a-3, og bør endrast til å vise til nye § 9A-2. Nye § 3 (1) vil då lyde:

«Alle elevar i dei vidaregåande skulane i Hordaland har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9A-2.»

### **Ny heimel for bortvising**

Tidlegare var heimelen for å fastsetje bortvising som sanksjon i ordensreglementet opplæringslova § 3-8. Denne er no endra til § 9A-10. Ordlyden i den nye regelen lyder som følgjer:

#### «§ 9 A-11.Bortvising

Kommunen kan fastsetje i ordensreglementet at grunnskoleelevar kan visast bort frå undervisninga dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Elevar på 1. til 7. årstrinn kan visast bort for enkeltimer eller resten av dagen, og elevar på 8. til 10. årstrinn kan visast bort for opp til tre dagar.

Fylkeskommunen kan fastsetje i ordensreglementet at elevar i vidaregåande skule kan visast bort frå undervisninga i opp til fem dagar dersom dei bryt reglementet i alvorleg grad eller fleire gonger. Det kan like eins fastsetjast at elevar kan visast bort for resten av skuleåret dersom brota er særleg alvorlege.

Rektor kan vedta bortvising etter å ha rådført seg med lærarane til eleven. Fylkeskommunen kan vedta at ein elev i vidaregåande skule skal visast bort for resten av skuleåret. Om ikkje kommunen eller fylkeskommunen fastset noko anna, kan rektor gi lærarar høve til å vise bort elevar frå si eiga undervisning for ei opplæringsøkt, men ikkje meir enn to klokketimer.

Før det blir gjort vedtak om bortvising, skal ein ha vurdert andre tiltak. Foreldra skal varslast før ein elev på 1. til 7. årstrinn blir bortvist for resten av dagen.»

Alle stader ordensreglementet viser til § 3-8, må difor endrast til å vise til § 9A-11. Dette gjeld:

- § 7 (4)
- § 7 (6) bokstav e

#### **Ikkje lenger heimel for bortvising med tap av opplæringsrett**

I tidlegare § 3-8 var det heimel for at fylkeskommunen i ordensreglementet kunne fastsetje at fylkeskommunen i samband med vedtak om bortvising for resten av skuleåret, også kunne vedta at eleven skulle miste retten til vidaregåande opplæring. Denne regelen er fjerna, og fylkeskommunen har ikkje høve til slike inngripande sanksjonar meir. Difor må ein gjere ein del endringar i paragrafane om sanksjonar og sakshandsaming. Tidlegare § 7 (6) bokstav f må slettast utan å verte erstatta av noko:

«Bortvising for resten av skuleåret med tap av rett til vidaregåande opplæring – etter vedtak fatta av fylkeskommunen v/fylkesdirektøren for opplæring, opplæringslova § 3-8.»

§ 8 (4) bokstav c må endrast slik at orda «eventuelt tap av opplæringsretten» vert fjerna, mens resten av setninga vert ståande:

«Klage over bortvising for resten av skuleåret, ~~eventuelt tap av opplæringsretten~~, skal sendast direkte til fylkesdirektør opplæring.»

§ 8 (8) bokstav e vert sletta:

«Ved vedtak om tap av opplæringsrett som fylkesdirektør opplæring har fatta, er klageinstansen Fylkesmannen.»

#### **Ny § 10 - Ajourføring i tråd med gjeldande regelverk**

Skuleåret 2017/18 er det andre året på rad at skulane må starte året med eit ordensreglement som ikkje er i tråd med gjeldande loverk, grunna lovendringar vedteke av Stortinget i mai og juni. Endringane kjem så seint at ein ikkje rekk politisk handsaming før skuleåret startar, men tildelegast til fylkestinget i oktober. Endringar i opplæringslova og forskrifta vert for det meste gjort med verknad frå 1. august, for å sikre at det same regelverket gjeld heile skuleåret. Ein kan vente seg at tilsvarande situasjon med lovendringar i mai og juni vil skje dei neste åra òg. Fylkestinget har det formelle myndet til å endre den lokale forskrifta om felles ordens- og återförsreglement, men endringane det her er snakk om, er ajourføring slik at forskrifta er i tråd med gjeldande loverk, endringar som fylkestinget ikkje kan vedta ikkje skal gjelde. I lokal forskrift om inntak og formidling i Hordaland fylkeskommune er fylkesrådmannen gjeve rett til å gjere mindre endringar i forskrifta:

#### **§ 29 Mindre endringar i forskrifta**

- (1) Fylkesrådmannen har rett til å gjennomføre mindre endringar i forskrifta.
- (2) Dersom endringane er av ein slik art at dei påverkar elevane sine moglegheiter for inntak til bestemte tilbod, skal likevel endringane behandlast politisk.

I Lokal forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement er det ikkje teke inn tilsvarende regel, som tyder at ei kvar endring må leggjast fram for politisk handsaming. Fylkesrådmannen gjer difor framlegg om ny § 10 som lyder:

«Fylkesrådmannen har rett til å gjere mindre endringar i forskrifa for å halde den oppdatert med gjeldande regelverk. Slike endringar skal leggast fram som meldingar til politisk handsaming i etterkant.»

## Forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement ved dei vidaregåande skulane i Hordaland fylkeskommune

Heimel: Fastsett av fylkestinget i Hordaland fylkeskommune 14. juni 2016 med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregående opplæringa (opplæringslova) § 9A-10. Paragrafane 4 og 5 vart sist endra i fylkestinget 13. desember 2016. Paragrafane 1, 7, 8, 10 og 11 vart sist endra av fylkestinget oktober 2017.

### **§ 1 Formål**

- (1) Opplæringa i skule og lærebedrift skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane og lærlingane historisk og kulturell innsikt og forankring.
- (2) Elevane og lærlingane skal utvikle kunnskap, dugleik og haldningar for å kunne meistre liva sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet. Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrong.
- (3) Elevane og lærlingane skal lære å tenkje kritisk og handle etisk og miljøbevisst. Dei skal ha medansvar og rett til medverknad.
- (4) Skulen og lærebedrifta skal møte elevane og lærlingane med tillit, respekt og krav, og gi dei utfordringar som fremjar danning og lærelyst. Alle former for diskriminering skal motarbeidast.
- (5) Skulen skal ha nulltoleranse mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane.
- (6) Formålet med ordensreglementet er å skape eit godt klima for samarbeid, trivsel, respekt og medansvar for alle elevar og tilsette i skulesamfunnet og danne grunnlaget for vurdering i orden og åtferd (jf. opplæringslova §§ 1-1, 9A-10, kapittel 9A og forskrift til opplæringslova § 12-1).

### **§ 2 Verkeområde**

- (1) Reglementet gjeld for alle fulltids-, deltids- og utvekslingselevar og lærlingar/lærekkandidatar under opplæring ved skulen og, så langt det høver, også for vaksenopplæringa sine elevar og andre når opplæringa er i skulen sin regi.
- (2) Reglementet gjeld i timane, friminutta, på veg til og fra skulen og ved opplæringsformer og aktivitetar i skulen sin regi både på og utanfor skulen sitt område (til dømes ekskursjonar og elevreiser).

### **§ 3 Rettane til elevane**

- (1) Alle elevar i dei vidaregåande skulane i Hordaland har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9A-2.

### **§ 4 Pliktene til elevane**

- (1) Elevane har plikt til å rette seg etter dei lover, reglement og instruksar som gjeld. Elevane skal møte skulen sine tilsette og medelevar med omsyn og respekt.
- (2) Elevane har plikt til å møte presis til opplæringa og delta aktivt i all opplæring. Dersom eleven ikkje kan møte til avtalt tid, må han/ho gje melding til skulen snarast råd. Eleven skal snarast mogeleg ta kontakt med flaglærar for å avtale korleis læringsarbeidet kan følgjast opp dersom han/ho ikkje kan gjere arbeidet til avtalt tid.
- (3) Elevane skal vere aktivt med i opplæringa i den form lærarane legg til rette og gjennomfører opplæringa i samsvar med læreplanane (jf. opplæringslova § 3-4 2. ledd). Elevane pliktar å delta aktivt i opplæringa slik at læraren får grunnlag for å vurdere eleven sin kompetanse i faget (jf. forskrift til opplæringslova § 3-3 3. ledd). Eleven skal ikkje få halvårsurdering med karakter eller standpunktcharakter ved fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget. Eleven kan likevel få urdering med karakter dersom det er dokumentert at fråvær i meir enn 10 prosent av timane i faget

skuldast slike grunnar som er nemnde i § 3-47 femte ledd bokstav a til f og åttande ledd i forskrift til opplæringslova. Dersom årsaka til fråværet gjer det klart urimeleg at fråværsgrensa på 10 prosent skal gjelde, kan ein elev som har inntil 15 prosent udokumentert fråvær i eit fag, også få vurdering med karakter. Avgjerala ligg hos rektor (jf. forskrift til opplæringslova § 3-3 fjerde ledd).

- (4) Alt utstyr som nyttast i læringsarbeidet, må brukast på ein slik måte at undervisninga eller læringsarbeidet ikkje blir forstyrra. Elevane må bruka det utstyret som læraren bestemmer. Elevane har sjølve ansvar for sine personlege eideleiarar.
- (5) Elevane skal følgje verne- og tryggleiksreglar og bruke dei arbeidsklede og det verneutstyr som læraren krev og/eller som er påbode av Arbeidstilsynet. Elevar som ikkje rettar seg etter dette, skal visast bort frå undervisninga.
- (6) Dersom elevar gjennom sitt arbeid, oppdrag eller verv i samband med vidaregående opplæring blir kjende med bestemte opplysningar som dei ikkje skal gje vidare, kan skulen påleggje elevane teieplikt. Dette må ikkje vere til hinder for å varsle om kritikkverdige og ulovlege tilhøve. Teieplikta gjeld også etter at eleven har avslutta vidaregåande opplæring (jf. forvaltningslova § 13c).
- (7) Alle som deltek på ekskursjonar og reiser i skulen sin regi, skal vise omsorg og respekt for dei andre deltakarane og andre dei møter på reisa. Tidsrommet mellom avreise og heimkomsten er å sjå på som skuletid, og ordensreglementet gjeld. Eleven skal følgje instruksar frå reiseleiarar og skal delta i det oppsette programmet for turen.
- (8) Følgjande handlingar er forbodne
  - a. Vald, truslar, tjuveri, mobbing, rasistiske utsegner og handlingar, seksuell trakkassering, sjikane p.g.a. seksuell legning, religion eller livssyn og anna krenkande åferd skal ikkje førekome.
  - b. Krenking og trakkassering av andre gjennom sosiale medium skal ikkje førekome.
  - c. Elevane skal ikkje laste ned, lagre eller spreie pornografisk, rasistisk eller anna materiale som kan verke krenkande og/eller er i strid med norsk lov.
  - d. Elevane skal ikkje spreie lyd- og/eller bildeopptak av andre elevar, lærarar eller andre tilsette utan deira samtykke.
  - e. Det er forbode å ha farlege gjenstandar, våpen eller våpenliknande gjenstandar på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.
  - f. Det er forbode å vere påverka av, bruke, oppbevare eller selje rusmiddel på skulen sitt område og ved all aktivitet i skulen sin regi.
  - g. Det er ikkje tillate å røykje eller bruke snus på skulen sitt område.
  - h. Skulen sin eide dom, lærermiddel og utstyr skal brukast med omtanke. Hærverk og skade på skulens eller medelevars eideleiarar kan føre til erstatningsansvar (jf. skadeserstatningslova).

## § 5 Frammøte og fråvær

- (1) Alt fråvær blir registrert i SkuleArena. Eleven må melde frå til kontaktlærar så tidleg som mogeleg dersom han/ho må forlate opplæringa i løpet av skuledagen. Kontaktlærar skal ha beskjed om fråvær allereie frå første dag. Sjå eigne rutinar og reglar for skulen.
- (2) Alt fråvær blir ført på vitnemålet og kompetansebeviset. Fråvær skal førast i dagar og enkelttimar. Det er ikkje høve til å konvertere enkelttimar til dagar. Rektor kan avgjere om fråvær for deltidselevar skal førast i dagar og timar eller berre i timar. Eleven kan krevje at årsaka til fråværet vert ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset. Eleven må sjølv leggje fram samla dokumentasjon ved slutten av siste termin (jf. forskrift til opplæringslova § 3-47 1.-3. ledd).

- (3) For inntil samanlagt 10 skuledagar i eit opplæringsår kan ein elev krevje at følgjande fråvær ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset dersom det kan dokumenterast at fråværet skuldast:
- helse- og velferdsgrunnar  
For at fråvær som skuldast helsegrunnar ikkje skal førast på vitnemålet eller kompetansebeviset, må eleven leggje fram ei legeerklæring som dokumenterer dette. Fråvær som skuldast helsegrunnar må vare i meir enn tre dagar, og det er berre fråvær frå og med fjerde dagen som kan strykast. Ved dokumentert risiko for fråvær på grunn av funksjonshemmning eller kronisk sjukdom, kan fråværet strykast frå og med første fråværsdag.
  - arbeid som tillitsvald
  - politisk arbeid
  - hjelpearbeid
  - lovpålagt oppmøte
  - representasjon i arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå
- (4) Elevar som er medlemmer av andre trussamfunn enn Den norske kyrkjja, har innanfor ramma på 10 skuledagar rett til inntil to dagar fri ved religiøse høgtider som ikkje blir ført på vitnemålet eller kompetansebeviset (jf. forskrift til opplæringslova §3-47 8. ledd).
- (5) Eleven må sjølv framvise dokumentasjon ved slutten av siste termin.
- (6) Eleven kan, etter godkjenning frå faglærar, søkje rektor om å få utføre organisert eller sjølvstendig studiearbeit for eitt eller fleire avgrensa tidsrom. Eleven har sjølv plikt til å følgje opp skulearbeidet, slik at det vert grunnlag for vurdering av det sjølvstendige skulearbeidet, og at det vert grunnlag for karakter i faga. Tida som vert nytta til sjølvstendig studiearbeit, skal ikkje førast som fråvær (jf. forskrift til opplæringslova § 3-47 7. ledd). Dersom eleven ikkje held avtalen om sjølvstendig studiearbeit, vert det ført fråvær for timane i faget det gjeld. Feriereiser kan ikkje rekna som sjølvstendig studiearbeit.

## § 6 Orden og åtferd

- (1) Føremålet med vurdering i orden og i åtferd er å hjelpe til i sosialiseringssprosessen til eleven, skape eit godt psykososialt miljø og gje informasjon om elevens orden og åtferd (jf. forskrift til opplæringslova § 3-2 4.ledd). Grunnlaget for vurdering i orden og i åtferd er knytt til i kva grad eleven opptrer i tråd med ordens- og åtferdsreglementet ved skulen (jf. forskrift til opplæringslova § 3-5 1.ledd).
- (2) Brot på ordensreglementet kan føre til nedsett halvårvurdering og/eller standpunktakarakter i både orden og i åtferd. Fråvær kan føre til nedsett karakter i anten orden eller åtferd (jf. forskrift til opplæringslova § 3-5 5. ledd). Det er ingen fritak frå karakterar i orden og åtferd.
- (3) I fastsetjinga av karakterane i orden og i åtferd skal det takast omsyn til føresetnadene eleven har. Til vanleg skal det ikkje leggjast avgjerande vekt på enkelthendingar; unntaket er dersom enkelthendinga er særleg klanderverdig eller grov (jf. forskrift til opplæringslova §3-5, 5.ledd). Det er berre standpunktakarakteren i orden og i åtferd som vert rekna som enkeltvedtak og som løyser ut klagerett.
- (4) Grunnlaget for vurdering i orden er knytt til om eleven er førebudd til opplæringa, og korleis arbeidsvanane og arbeidsinnsatsen til eleven er. Det inneber mellom anna at eleven er punktleg, følgjer opp arbeid som skal gjerast, og har med nødvendige lærermiddel og utstyr (jf. forskrift til opplæringslova § 3-5 2. ledd).

- (5) Grunnlaget for vurdering i åtferd er knytt til korleis eleven oppfører seg overfor medelevar, lærarar og andre tilsette. Det inneber mellom anna om eleven viser omsyn og respekt for andre (jf. forskrift til opplæringslova § 3-5 3. ledd).
- (6) Eleven og foreldra skal varslast skriftleg dersom det er tvil om eleven kan få halvårvurdering med karakter eller standpunktakarakter i eitt eller fleire fag fordi det ikkje er grunnlag for fastsetjing av karakter (jf. forskrift til opplæringslova § 3-7 1. ledd). Det er ikkje krav om varsling ved fare for karakteren 1. Eleven og foreldra skal også varslast skriftleg dersom det er fare for at eleven i halvårvurdering med karakter, eller i standpunktakarakter kan få karakteren nokså god (Ng) eller lite god (Lg) i orden eller i åtferd (jf. forskrift til opplæringslova § 3-7 2. ledd). Varselet skal givast utan ugrunna opphald. Varselet skal gi eleven høve til å skaffe grunnlag for halvårvurdering med karakter og standpunktakarakter, eller gi eleven høve til å forbetre karakteren i orden eller åtferd. Elevar over 18 år kan gi samtykke til at foreldre kan varslast.

## **§ 7 Sanksjonar**

- (1) Sanksjonane her fastset kva refsingstiltak skulen kan bruke. Det kan ikkje nyttast andre sanksjonar enn dei som er nemnde her. Alle refsingstiltak blir registrerte i SkuleArena.
- (2) Alvorlege brot på ordensreglementet vil bli meldte til politiet. Alle typar straffbare forhold som skjer i samband med skulen si verksemد bør meldast til politiet. Politiet må deretter på sjølvstendig grunnlag finne ut om vilkåra for strafferettlig forfølging, eventuell ransaking og beslag er til stades.
- (3) Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast (jf. opplæringslova § 9A-10 tredje ledd).
- (4) Skulepersonalet har ei særleg plikt til å ha omsorg for elevane på skulen. Personalet har såleis ikkje berre rett, men også plikt til å gripe inn for å hindre at elevar skader eller plagar andre eller skader seg sjølv eller skuleeigedommen (jf. opplæringslova kap. 9A). Naudrett og naudverje gir ein viss rett for personalet på skulen til å stoppe valdelege handlingar mellom elevar med fysisk makt og til å verje seg sjølv mot elevar som er trugande eller valdelege (jf. straffelova 2005 §§ 17 og 18). Det kan ut frå forholda vere lovleg å bruke fysisk makt for å hindre at elevar skader seg sjølve eller andre, eller skader eigedomen til skulen eller eigedomen til andre.
- (5) Refsingstiltak utan klagerett:
  - a. Munnleg påtale frå ein av dei tilsette ved skulen.
  - b. Merknader.
  - c. Bortvising frå den aktuelle timen/aktiviteten for resten av arbeidsøkta etter vedtak fatta av faglærar. Skulen har framleis tilsynsansvar for eleven.
  - d. Bortvising frå skulen resten av skuledagen etter vedtak fatta av rektor.
- (6) Refsingstiltak med klagerett. Følgjande er enkeltvedtak med klagerett og skal handsamast etter forvaltningslova:
  - a. Annulering av eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv.
  - b. Bortvising frå eksamen – etter vedtak fatta av rektor sjølv.
  - c. Bortvising for ein heil skuledag og inntil fem skuledagar – etter vedtak fatta av rektor sjølv.
  - d. Pålagt skifte av skule etter sak om vald eller mobbing – etter vedtak fatta av fylkeskommunen v/fylkesdirektør opplæring.
  - e. Bortvising for resten av skuleåret – etter vedtak fatta av fylkeskommunen v/fylkesdirektør opplæring, jf. opplæringslova § 9A-11.
- (7) Andre reaksjonar som kan nyttast i tillegg

- a. Ved skade eller tilgrising på skulen sin eigedom kan fylkeskommunen krevje istandsetjing eller erstatning etter reglane i skadeserstatningslova.
- b. Elevar kan gjevast høve til å utbetre skadane sjølve dersom dette er føremålstenleg.
- c. Elevar som har gjort hærverk, kan påleggjast å rydde opp etter seg/utbetre skadar som er gjort når oppryddinga er arbeid eleven har føresetnad for å klare, og arbeidet står i rimeleg forhold til brotet på regelverket.

(8) Reaksjonsmåtar ved fusk på prøver

- a. Fusk eller forsøk på fusk på prøver (timeprøver, fellesarbeid og/eller avsluttande prøver) vil telje med i vurderinga av karakteren i åtferd. Det vil ikkje bli gitt fagkarakter på prøven. Resultatet på prøven blir annullert.
- b. Fusk er å bryte reglane for hjelpemiddelbruk. Det betyr at dersom eleven t.d. hentar noko frå nettet når læraren har sagt at nettet ikkje skal brukast, er det fusk.
- c. Plagiat er å hente noko frå nettet eller andre kjelder utan å oppgje kvar det er henta frå. Då viser eleven låg måloppnåing, og oppgåva kan få ein låg fagkarakter.

(9) Reaksjonsmåtar ved fusk ved eksamen

- a. Eksamens i eit fag kan annullerast dersom eleven har fuska eller forsøkt å fuske ved eksamen. Dette gjeld også dersom det er sensorane som oppdagar fusk eller forsøk på fusk. Spørsmålet om annulling av eksamen i faget skal avgjera om rektor sjølv. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg før rektor fattar enkeltvedtak om annulling av eksamen. Eleven har likevel rett til å fullføre eksamen på eksamensdagen (jf. forskrift til opplæringslova § 3-37 4. ledd).
- b. Enkeltvedtak om annulling av eksamen kan klagast inn for Fylkesmannen. For elevar som får eksamen annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, fell standpunktakarakteren bort (jf. forskrift til opplæringslova § 3-37 5. ledd).
- c. Dersom eksamen blir annullert på grunn av fusk eller forsøk på fusk, kan kandidaten gå opp til eksamen i faget som privatist tidlegast eitt år etter den annullerte eksamen (jf. forskrift til opplæringslova § 3-37 4. ledd).
- d. Fusk eller forsøk på fusk på eksamen vil få konsekvensar for karakteren i åtferd.

(10) Bortvising frå eksamen

- a. Elevar skal ikkje hindre eller forstyrre gjennomføringa av eksamen. Dersom åtferda til ein elev er i strid med dei retningslinene som Utdanningsdirektoratet/ fylkeskommunen har for eksamen, etter å ha blitt åtvara, visast bort.
- b. Bortvising skal avgjera om rektor sjølv og er eit enkeltvedtak som kan påklagast til Fylkesmannen. Eleven skal ha høve til å uttale seg munnleg for rektor før rektor eventuelt fattar enkeltvedtaket om bortvising (jf. forskrift til opplæringslova § 3-36 1. ledd).

## § 8 Sakshandsaming

- (1) Før det vert sett i verk tiltak mot elevar som bryt ordensreglementet, skal eleven få høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerda. I grunngjevinga frå rektor skal det visast til dei faktiske forholda vedtaket byggjer på og kva for reglar som vert nytta.
- (2) Ved brot på ordensreglementet som kan føre til bortvising for meir enn resten av skuledagen, skal vedtaket grunngjenvært i eige brev til eleven. Eleven og dei føresette har rett til opplysningar om klagerett, klagefrist og rett til å sjå eventuelle dokument i saka (jf. forvaltningslova § 27 3. ledd).

- (3) Vedtaket kan setjast i verk omgående og har ikkje noko å seie for klageretten. Eleven skal også få orientering om at det i spesielle høve kan søkjast om utsetjing av sjølve bortvisinga til handsaminga av ein eventuell klage er sluttført (jf. forvaltningslova § 27 3. ledd).
- (4) Ein klage skal vere skriftleg og grunngjeven. I klagen må det gjerast greie for dei tilhøva det vert klaga over, og klagen skal sendast til den instansen som har fatta vedtaket innan klagefristen – til vanleg 3 veker etter mottak.
  - a. Klage over bortvising inntil 5 dagar skal sendast til rektor.
  - b. Klage over annulling og bortvising frå eksamen skal sendast til rektor.
  - c. Klage over bortvising for resten av skuleåret skal sendast direkte til fylkesdirektør opplæring.
- (5) Dersom rektor held fast på bortvisingsvedtaket og ikkje tek klaga til følgje, skal rektor sende klagen med utgreiing og grunngjeving for dette vedtaket til fylkesdirektør opplæring som klageinstans.
- (6) Dersom rektor held fast på vedtaket om annulling av eksamen eller bortvising frå eksamen, skal rektor sende klagen vidare til Fylkesmannen.
- (7) Eleven som har klaga på enkeltvedtaket, skal få kopiar av oversendingsbrevet og av utgreiing og grunngjeving når klagesaka vert sendt vidare til klageinstansen.
- (8) Dei ulike klageinstansane:
  - a. Ved vedtak om annulling av eksamen ved fusk eller forsøk på fusk som er fatta av rektor sjølv, er klageinstans Fylkesmannen.
  - b. Ved vedtak om bortvising frå eksamen som er fatta av rektor sjølv, er klageinstans Fylkesmannen.
  - c. Ved vedtak om bortvising for inntil 5 dagar som er fatta av rektor, er fylkesdirektør opplæring klageinstans.
  - d. Ved vedtak om bortvising for resten av skuleåret som er fatta av fylkesdirektør opplæring, er klageinstansen den fylkeskommunale klagenemnda.

## **§ 9 Tillegg til ordens- og åtferdsreglementet**

- (1) For spesielle forhold som ikkje er dekte av ordens- og åtferdsreglementet eller andre felles reglar som alt er gjevne av departementet eller fylkeskommunen, kan rektor fastsette tilleggsreglar. Desse kan ikkje vere i staden for eller i strid med reglementet. Dette kan t.d. gjelde
  - a. IKT-utstyr og mobiltelefonar
  - b. Reiser og skuleturar
  - c. Internatreglement
  - d. Reglar for spesialrom, som t.d. skulekjøkken, laboratorium og verkstader
  - e. Ordensteneste
  - f. Eventuelle andre spesielle tilhøve

## **§ 10 Ajourføring i tråd med gjeldande regelverk**

- (1) Fylkesrådmannen har rett til å gjøre mindre endringar i forskrifa for å halde den oppdatert med gjeldande regelverk. Slike endringar skal leggast fram som meldingar til politisk handsaming i etterkant.

## **§ 11 Ikraftsetjing**

- (1) Forskrifta tek til å gjelde frå 1. august 2016 og gjeld til den vert oppheva.